



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune –
Samferdsleavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlende enhet: Region vest Saksbehandler/telefon: Knut Helge Olsen / 55516534 Vår referanse: 16/54342-2 Deres referanse: Vår dato: 11.04.2016

Sykkelvarsling i tunnel – Hordaland

I utval for miljø og samferdsle, Hordaland fylkeskommune vart det 9. september 2015 reist følgjande spørsmål frå representanten Alf Helge Greaker (V).

Med utgangspunkt i erfaringar i Troms med sykkelvarslar ved tunnelar, ber vi om å få ei oversikt over kor dette kan vere aktuelt å prosjektere her i fylket.

Statens vegvesen har på vegne av Hordaland fylkeskommune ansvar for å fastsette korleis gong- og sykkeltrafikk skal leggjast ved planlegging og utbygging av fylkesvegnettet (jfr. Vegloven §13, handbok N100 Veg- og gateutforming og handbok N500 – Vegtunnelar)

Erfaringane knytt til utprøving av sykkelvarsling i Troms er skildra i «Rapport om signalvarslingssystem for syklist i tunnel på Senja». Rapporten skildra eit avgrensa forsøk på Senja i fire utvalte tunnelar på Fv 862: Breitind-tunellen (920 m), Svartholla-tunellen (310 m), Hesten-tunellen (350 m) og Geitskard-tunellen (2200 m). Nasjonal sykkelrute fell saman med Nasjonal Turistveg på denne vegen langs øya Senja. Datagrunnlaget i denne rapporten er 15 bilførarar og 36 sykkelistar. Undersøkinga blei gjennomført på sumaren i turistsesongen, svarskjema og spørsmåla vart berre utforma på norsk. Svarskjema og datainnsamling blei teken i vare av ferjemannskapa på ferjestrekningane Botnhamn – Brensholmen i nord og ferjestrekninga Gryllefjord – Andenes i sør.

Undersøkinga i Troms er vurdert som for mager i høve til datakvalitet og gyldighet til å kunne nyttast som grunnlag for å etablere eit utval av tunnelar egna for sykkelvarsling i Hordaland. Statens vegvesen ønskjer difor å gjennomføre ei eige undersøking (pilot) i Hordaland. Undersøkinga skal gi eit grunnlag for å vurdere kva tunnelar som kan være aktuelle for anlegg med sykkelvarsling i Hordaland.

Postadresse
Statens vegvesen

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø

I januar 2016 vart saka drøfta i Fylkesvegrådet og Statens vegvesen fikk høve til å teste ut teknologien i Hordaland. Ei tilråding vil venteleg ligge føre ultimo 2017.

Vegavdeling Hordaland
Med hilsen

Olav Finne
Avdelingsdirektør

Olsen Knut Helge
Seniorrådgjevar

Kopi

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.